



# MELAND KOMMUNE

## Økonomisk konsekvensutgreiing for utbygging av Grasdalen og Sagstad skule ihht. tidsplan vedteken i budsjettet for 2015 og i økonomiplanen for 2016-2019, men med utvida investeringsrammer.

Vedlegg til utgreiing sak 107/2015 i formannskapet 02.09.2015.

### Innhald

|     |   |    |
|-----|---|----|
| 1   | Innleiing og kommentarar.....   | 2  |
| 2   | ROBEK-registeret .....  | 2  |
| 3   | Korrigert prognose for økonomiplanperioden 2016 – 2019.....               | 3  |
| 3.1 | Redusert folkevekst i 2015 og konsekvens for økonomiplan 2016 – 2019..... | 3  |
| 3.2 | Prognose for inntektsutviklinga i økonomiplanperioden.....                | 4  |
| 4   | Inntekter og utgiftsrammer 2016 – 2019.....                               | 6  |
| 4.1 | Rammer i vedteken økonomiplan 2016 – 2019 .....                           | 6  |
| 4.2 | Reduserte inntekter i perioden 2016 – 2019 .....                          | 7  |
| 4.3 | Auke i utgifter til drift og vedlikehald av kommunale bygg .....          | 8  |
| 4.4 | Auke i renter og avdrag.....  | 8  |
| 4.5 | Oppsummering drift.....   | 8  |
| 5   | Utsetting av investeringar vedteken i økonomiplanen .....                 | 9  |
| 5.1 | Vedtekne investeringar i økonomiplanen for 2016-2019 .....                | 9  |
| 5.2 | Korrigert investeringsplan 2019-2019 inkl. auke til skulane .....         | 10 |
| 5.3 | Kommentar til investeringsprosjekt som er foreslått å gå ut.....          | 11 |
| 6   | Annan kapital til finansiering av investeringar i skulen.....             | 11 |
| 7   | Om totalt gjeldsnivå i kommunen.....                                      | 12 |
| 8   | Om driftsnivået generelt i kommunen.....                                  | 13 |
| 8.1 | Inntektsnivå.....   | 14 |
| 8.2 | Kostnader til administrasjon .....  | 14 |
| 8.3 | Skule.....  | 15 |
| 8.4 | Barnehage .....   | 15 |
| 8.5 | Pleie og omsorg / helse.....  | 16 |
| 8.6 | Oppsummering enkel Kostra-analyse .....                                   | 17 |

## 1 Innleiing og kommentarar

Formannskapet handsama i møte onsdag 26. aug sak nr 101/2015 om skuleutbygging på Grasdal og Sagstad skular. Formannskapet bad i vedtaket rådmann til ekstraordinært møte onsdag 2. sept. leggje fram supplerande opplysningar der ein legg til grunn at både Grasdal og Sagstad skular vert bygd ut i samsvar med tidlegare vedteken tidsplan, men med nye og meir omfattande utbyggingsplanar og auka kostnadskalkylar. I tillegg vart rådmann beden om å leggje fram ei samla økonomisk konsekvensutgreiing for desse utbyggingane, med oversyn over andre investeringsprosjekt som kan utsetjast. Basert på dette vil formannskapet gjere vedtak i saka med tanke på endeleg handsaming i kommunestyret 9. september.

Rådmann vil difor i dette notatet prøve å vurdere dei viktigaste økonomiske utfordringane som følgje av ei stor auke i investeringane. I tillegg vert det og utgreidd andre endringar i tal og føresetnadene i økonomiplanen for 2016-19. Desse består i både endra inntektsprognoser og auka utgifter som følgje av full utbygging av både Grasdal og Sagstad skular no.

## 2 ROBEK-registeret

Det vart i formannskapet onsdag 26. aug stilt spørsmål om det er fare for at Meland kommune igjen kan verte registrert i ROBEK-registeret. Rådmann meiner at det er liten fare for at vi hamner i registeret sjølv med ei større investering til skulane enn tidlegare forutsatt.

Registreringa er regulert i kommunelova sin § 60:

### **«Statlig kontroll og godkjenning av økonomiske forpliktelser.**

*1. Vedtak om opptak av lån eller vedtak om langsiktig avtale om leie av bygninger, anlegg og varige driftsmidler som kan påføre kommunen eller fylkeskommunen utgifter ut over de fire neste budsjettår, er ikke gyldig før det er godkjent av departementet, dersom:*

- a. kommunestyret eller fylkestinget har vedtatt å fastsette et årsbudsjett uten at alle utgifter er dekket inn på budsjettet,*
- b. kommunestyret eller fylkestinget har vedtatt å fastsette en økonomiplan uten at alle utgifter er dekket inn på økonomiplanen,*
- c. kommunestyret eller fylkestinget etter § 48 nr. 4 har vedtatt at et regnskapsmessig underskudd skal fordeles ut over det påfølgende budsjettår etter at regnskapet er framlagt, eller*
- d. kommunen eller fylkeskommunen ikke følger vedtatt plan for dekning av underskudd.*

*2. Dersom et av vilkårene i første ledd bokstav a-d er oppfylt, skal departementet føre kontroll med lovligheten av kommunestyrets eller fylkestingets budsjettvedtak.»*

Meland kommune budsjetterer normalt med inndekking av alle utgifter i budsjettet, i tillegg til eit mindre overskot eller mindreforbruk, som i revidert budsjett 2015 er på kr 4,8 mill. I økonomiplanen er det lagt opp til overskot på kr 4,2 mill i 2016, kr 8,7 mill i 2017, kr 9,0 mill i 2018 og kr 9,3 mill i 2019.

Meland kommune har per 31.12.2014 kr 14,8 mill avsett på disposisjonsfond, som vil kunne gå til dekking av underskot i framtida. Det er punkta c og d over som normalt gjer at kommunane vert registrert i ROBEK.

For at vi skal hamne der igjen må vi ha eit meirforbruk som er større enn disposisjonsfondet, i tillegg til at vi må bruke budsjettert overskot til drifta.

Det er ikkje klare regler i kommunelova eller i tilhøyrande forskrifter om kva gjeldsnivå ein kommune kan ha, og det er difor noko kommunen må vurdere på eigen hand. Det må likevel vere eit prisnipp at gjelda skal vere økonomisk berekraftig på lang sikt, og at ein legg til grunn generasjonsprinsippet, der alle kostnader (inkl. kapitalslit og drift av eigedommar) skal belastast dei som til ei kvar tid er tenestebukarar. Dette går fram av Kommuneleoven sitt formål i § 1:

*Formålet med denne lov er å legge forholdene til rette for et funksjonsdyktig kommunalt og fylkeskommunalt folkestyre, og for en rasjonell og effektiv forvaltning av de kommunale og fylkeskommunale fellesinteresser innenfor rammen av det nasjonale fellesskap og med sikte på en bærekraftig utvikling.*

Kva som er ei berekraftig økonomisk utvikling for Meland kommune er det opp til kommunestyret å ha ei meining om. Riksrevisjonen sin rapport av 16. februar 2015 med tittel: «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning» gjer framlegg om nokre prinsipp for kva som er slik berekraftig utvikling og kva dei meiner er eit for høgt gjeldsnivå. Rapporten peiker og på at mange kommunar er for dårlege på å rapportere og vurdere eige gjeldsnivå i samband med vedtak om budsjett og økonomiplanar. I lys av rapporten er det nok og slik at rapporteringa i Meland kommune ikkje har vore god nok på dette området.

### 3 Korrigert prognose for økonomiplanperioden 2016 – 2019


#### 3.1 Redusert folkevekst i 2015 og konsekvens for økonomiplan 2016 – 2019.

Frå 2014 til 2015 (1. januar) var veksten i folketallet i Meland kommune på 2,55 %, litt lågare enn veksten var frå 2013 til 2014 med 2,7 %. Dei 5 siste åra er gjennomsnittleg folkevekst på 3,3 %, som er den nest høgaste veksten hjå alle kommunar i Norge. I økonomiplanen er det lagt til grunn ein årleg folkevekst på 2,6%.

Statistikk for folkevekst i 1. halvår 2015 vart publisert 20. august, og viste ein vekst på 0,7% for Meland kommune. Dette er betydeleg lågare enn vi har hatt dei siste åra, og lågare enn det vi har lagt til grunn i økonomiplanen. Dette vil føre til reduserte inntekter og tilsvarende reduksjon i utgiftsrammene til tenesteområda for heile økonomiplanperioden. Vekst frå 1. juli 2014 til 1. juli 2015 (årleg vekst) er 1,6%. Vi antar difor at veksten frå 1. jan 2015 til 1. jan 2016 og vert på 1,6%. Vi antar at bustadbygginga tek seg opp at frå 2. halvår 2016, og at vi får ein vekst i resten av økonomiplanperioden på 2,6% per år. Av store boligprosjekt i kommunen er det Løypetona som vert ferdig først, med forventa innflytting frå des. 2015.

Tabellen nedanfor synar at fødselsoverskotet er litt redusert i 1. halvår 2015 samanlikna med tidlegare år. Nettoinnflyttinga viser derimot ein stor reduksjon, frå ein vekst i 1. halvår 2014 på 1,2% til 0,4% i 1. halvår 2015.

| Sum økninger 1. halvår              | 2011          | 2012          | 2013          | 2014          | 2015          |
|-------------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Fødselsoverskot 1. halvår           | 0,37 %        | 0,43 %        | 0,54 %        | 0,46 %        | 0,30 %        |
| Nettoinnflytting 1. halvår          | 1,14 %        | 2,06 %        | 1,22 %        | 1,17 %        | 0,39 %        |
| <b>Sum folkevekst i % 1. halvår</b> | <b>1,51 %</b> | <b>2,49 %</b> | <b>1,77 %</b> | <b>1,63 %</b> | <b>0,69 %</b> |




Årsaken til den reduserte veksten skuldast truleg reduksjon i bustadbygginga og mangel på ferdigstilling av nye, mellom anna som ein følgje av Walde-konkursen. Elles er vi usikre på årsakene til dette, men dårlegare økonomiske utsikter og innstramningar i bankane sin utlånspraksis kan redusere mobiliteten i befolkninga.

Ny prognose for folkeveksten i økonomiplanperioden vert etter dette som følgjer:

| Endring frå året før i antal og i %: |                |                |                |                |                |                |                |                |
|--------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Alder                                | Faktiske tal   |                |                | Prognose       |                |                |                |                |
|                                      | 1. juli F-2012 | 1. juli F-2013 | 1. juli F-2014 | 1. juli P-2015 | 1. juli P-2016 | 1. juli P-2017 | 1. juli P-2018 | 1. juli P-2019 |
| 0-1 år                               |                | 35             | 6              | 2              | 8              | 9              | 9              | 9              |
| 2-5 år                               | 46             | 15             | 8              | 10             | 16             | 15             | 15             | 15             |
| 6-15 år                              | 13             | 11             | 44             | 30             | 45             | 45             | 48             | 45             |
| 16-22 år                             | 24             | 40             | -8             | 5              | 15             | 10             | 8              | 7              |
| 23-66 år                             | 178            | 111            | 82             | 61             | 95             | 105            | 110            | 120            |
| 67-79 år                             | 36             | 45             | 47             | 14             | 22             | 24             | 22             | 23             |
| 80-89 år                             | -7             | 2              | 8              | -              | 2              | 2              | 2              | 2              |
| 90+ år                               | 3              | -2             | 3              | -              | 1              | 1              | 1              | 1              |
| <b>Sum</b>                           | <b>293</b>     | <b>257</b>     | <b>190</b>     | <b>122</b>     | <b>204</b>     | <b>211</b>     | <b>215</b>     | <b>222</b>     |
| 0-1 år                               | 0,0 %          | 16,1 %         | 2,4 %          | 0,8 %          | 3,1 %          | 3,4 %          | 3,2 %          | 3,1 %          |
| 2-5 år                               | 13,6 %         | 3,2 %          | 1,6 %          | 2,0 %          | 3,1 %          | 2,9 %          | 2,8 %          | 2,7 %          |
| 6-15 år                              | 1,2 %          | 1,0 %          | 4,1 %          | 2,7 %          | 3,9 %          | 3,8 %          | 3,9 %          | 3,5 %          |
| 16-22 år                             | 3,6 %          | 5,8 %          | -1,1 %         | 0,7 %          | 2,1 %          | 1,3 %          | 1,1 %          | 0,9 %          |
| 23-66 år                             | 4,6 %          | 2,7 %          | 2,0 %          | 1,4 %          | 2,2 %          | 2,4 %          | 2,4 %          | 2,6 %          |
| 67-79 år                             | 8,3 %          | 9,5 %          | 9,1 %          | 2,5 %          | 3,8 %          | 4,0 %          | 3,5 %          | 3,6 %          |
| 80-89 år                             | -4,1 %         | 1,2 %          | 4,8 %          | 0,0 %          | 1,1 %          | 1,1 %          | 1,1 %          | 1,1 %          |
| 90+ år                               | 7,0 %          | -4,3 %         | 6,8 %          | 0,0 %          | 2,1 %          | 2,1 %          | 2,0 %          | 2,0 %          |
| <b>Sum</b>                           | <b>4,2 %</b>   | <b>3,6 %</b>   | <b>2,5 %</b>   | <b>1,6 %</b>   | <b>2,6 %</b>   | <b>2,6 %</b>   | <b>2,6 %</b>   | <b>2,6 %</b>   |

Utviklinga kan og beskrivast i følgjande figur:



### 3.2 Prognose for inntektsutviklinga i økonomiplanperioden

Estimert reduksjon i skatt og rammetilskot for 2016 er kr 3,8 mill som følgje av redusert folkevekst i 1. halvår 2015.

Vi har etter at økonomiplanen vart vedteke motteke framlegg til kriteriedata datert 2. juli 2015 for utgiftsutjamninga frå departementet. Desse skal danne grunnlaget for utrekninga av rammetilskotet til kommunen, og da spesielt den delen som gjeld utgiftsutjamninga. Det er vanskeleg å berekne korleis ein del av desse kriteria utviklar seg. Oppdaterte data for nokre av kriteria fører til at vi for 2016 må nedjustere inntektsanslaget med kr 1,5 mill i forhold til kva som er lagt til grunn i økonomiplanen.

Sum redusert rammetilskot for 2016 vert dermed kr 5,3 mill med endra føresetnader. Reduksjonen forskyver seg til resten av økonomiperioden. I tillegg vert veksttilskotet redusert frå og med 2017 som følgje av redusert folkevekst i 2015.

Oppdatert prognosemodell for skatt og rammetilskot vert:

| <i>faste år 2015-priser for årene 2015 - 2019</i>                | <b>PROGNOSE</b> |                |                |                |                |                |
|--|-----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>tal i heile 1000 kr</b>                                       | <b>2014</b>     | <b>2015</b>    | <b>2016</b>    | <b>2017</b>    | <b>2018</b>    | <b>2019</b>    |
| Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)                           | 170 596         | 171 931        | 177 047        | 182 764        | 188 947        | 195 296        |
| Utgiftsutjevning   | 7 310           | 13 278         | 14 249         | 17 507         | 20 253         | 21 876         |
| Overgangsordninger (INGAR fra 2009)                              | -460            | -486           | -472           | -485           | -500           | -500           |
| Saker særskilt ford (inkl. helsestasjon skolehelse og arb.g.avg) | 309             | 689            | 1 202          | 1 202          | 1 202          | 1 202          |
| Veksttilskudd  | 4 068           | 7 469          | 6 859          | 3 034          | 3 079          | 3 473          |
| Ordinært skjønn inkl bortfall av diff. arb.g.avg.                | 4 200           | 3 900          | 3 900          | 3 900          | 3 900          | 3 900          |
| Diverse endringer i saldert budsjett                             | -998            | 1 358          | 1 451          | 1 451          | 1 451          | 1 451          |
| <b>Sum rammetilsk uten inntektsutj</b>                           | <b>185 025</b>  | <b>198 138</b> | <b>204 235</b> | <b>209 373</b> | <b>218 332</b> | <b>226 698</b> |
| "Bykletrekket" (anslag etter 2010)                               |                 |                |                |                |                |                |
| Netto inntektsutjevning  | 18 745          | 20 672         | 21 169         | 21 882         | 22 639         | 23 406         |
| <b>Sum rammetilskudd</b>   | <b>203 770</b>  | <b>218 810</b> | <b>225 405</b> | <b>231 255</b> | <b>240 971</b> | <b>250 103</b> |
| Rammetilskudd - endring i %                                      | 9,9             | 7,4            | 3,0            | 2,6            | 4,2            | 3,8            |
| <b>Skatt på formue og inntekt</b>                                | <b>160 894</b>  | <b>169 904</b> | <b>173 987</b> | <b>179 845</b> | <b>186 070</b> | <b>192 371</b> |
| Skatteinntekter - endring i %                                    | -0,1            | 5,60           | 2,40           | 3,37           | 3,46           | 3,39           |
| Andre skatteinntekter (eiendomsrett)                             | -               | -              | -              | -              | -              | -              |
| <b>Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)</b>                     | <b>364 664</b>  | <b>388 700</b> | <b>399 400</b> | <b>411 100</b> | <b>427 000</b> | <b>442 500</b> |
| Sum - endring i %  | 5,3             | 6,6            | 2,8            | 2,9            | 3,9            | 3,6            |
| <b>Ekstra skjønn tildelt av fylkesmannen</b>                     | <b>0</b>        | <b>-</b>       |                |                |                |                |
| Sum skatt (inkl selskaps) og netto skatteutjevning               | 179 639         | 190 576        | 195 156        | 201 727        | 208 709        | 215 776        |
| Sum - endring i %  | 3,3             | 6,1            | 2,4            | 3,4            | 3,5            | 3,4            |
| Rammetilsk kr pr innb. (m selsk skatt frem til 2008)             | 27 253          | 28 539         | 28 939         | 28 932         | 29 372         | 29 707         |
| Skatteinntekter kr pr innb. uten selskapskatt                    | 21 519          | 22 160         | 22 338         | 22 500         | 22 680         | 22 850         |
| Kostnadsindeks (utgiftsutjevningen)                              | 1,0255          | 1,0481         | 1,0506         | 1,0575         | 1,0631         | 1,0657         |

Førebels reknar vi med at inntektsavviket i høve til vedteken økonomiplan vert:

| <b>Endring skatt og rammetilskot</b>            | <b>2015</b> | <b>2016</b>  | <b>2017</b>  | <b>2018</b>  | <b>2019</b>  |
|---|-------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Sum skatt og rammetilskudd vedteken økonomiplan | 388 700     | 404 700      | 418 200      | 434 600      | 450 400      |
| Sum skatt og rammetilskudd oppdatert            | 388 700     | 399 400      | 411 100      | 427 000      | 442 500      |
| <b>Reduksjon skatt og rammetilskot</b>          | <b>-</b>    | <b>5 300</b> | <b>7 100</b> | <b>7 600</b> | <b>7 900</b> |

Korrekte tal for rammetilskotet for 2016, samt betre estimat for skatteinngongen kjem i statsbudsjettet som vert lagt fram 7. okt. Rådmann vil i framlegget til budsjett for 2016 som er planlagt ferdig til utsending tysdag 2. november ha med oppdatering av økonomiplanen i samsvar med reduserte inntektsforventningar.

## 4 Inntekter og utgiftsrammer 2016 – 2019

### 4.1 Rammer i vedteken økonomiplan 2016 – 2019

I vedteken økonomiplan for 2016-2019 er driftsrekneskapen slik spesifisert i rammer per sektor:

tal i 1 000 kr

| Økonomiplan 2016 -<br>Rammer per sektor            | Budsjett<br>2015<br>(rev progn.) | Tiltak<br>2016 | Tiltak<br>2017<br>netto | Tiltak<br>2018<br>netto | Tiltak<br>2019<br>netto | Rammer<br>2016 | Rammer<br>2017 | Rammer<br>2018 | Rammer<br>2019 |
|--|----------------------------------|----------------|-------------------------|-------------------------|-------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Skatt og rammetilskot                              | 388 700                          | 16 000         | 13 500                  | 16 400                  | 15 800                  | 404 700        | 418 200        | 434 600        | 450 400        |
| Eigedomsskatt                                      | 21 600                           | -100           | 200                     | -1 600                  | 200                     | 21 500         | 21 700         | 20 100         | 20 300         |
| Andre finansposter inkl. renter + avdrag           | -6 900                           |                |                         |                         |                         | -6 900         | -6 900         | -6 900         | -6 900         |
| Auke renter/avdrag pga. invest.                    |                                  | -2 000         | -900                    | -1 500                  | -400                    | -2 000         | -2 900         | -4 400         | -4 800         |
| <b>Netto finans (inkl. skatt og rammetilskot):</b> | <b>403 400</b>                   | <b>13 900</b>  | <b>12 800</b>           | <b>13 300</b>           | <b>15 600</b>           | <b>417 300</b> | <b>430 100</b> | <b>443 400</b> | <b>459 000</b> |
| Administrasjon inkl. rådgj.tenesta                 | 40 630                           | 1 200          |                         |                         |                         | 41 830         | 41 830         | 41 830         | 41 830         |
| Barnehagar (komm. og private)                      | 80 410                           | 8 300          | 3 100                   | 100                     | 3 600                   | 88 710         | 91 810         | 91 910         | 95 510         |
| Skule  | 93 760                           | 5 300          | 4 025                   | 4 375                   | 4 400                   | 99 060         | 103 085        | 107 460        | 111 860        |
| Helse og barnevern                                 | 33 520                           | 0              | 675                     | 2 325                   | 400                     | 33 520         | 34 195         | 36 520         | 36 920         |
| NAV/Sosiale tenester                               | 11 800                           | 0              |                         |                         |                         | 11 800         | 11 800         | 11 800         | 11 800         |
| Pleie og omsorg                                    | 95 500                           | 600            | 600                     |                         |                         | 96 100         | 96 700         | 96 700         | 96 700         |
| Kultur   | 7 700                            | 0              |                         |                         |                         | 7 700          | 7 700          | 7 700          | 7 700          |
| PUK (plan, utb. komm.tekn.) inkl. brannvern        | 34 180                           | 400            | 100                     | 400                     | 100                     | 34 580         | 34 680         | 35 080         | 35 180         |
| Lønsauke 2015 - ikkje fordelt på tenesteomr.       | 1 100                            |                |                         |                         |                         | 1 100          | 1 100          | 1 100          | 1 100          |
| Krav til effektivisering tenesteområda             |                                  | -1 300         | -200                    |                         |                         | -1 300         | -1 500         | -1 500         | -1 500         |
| Til fordeling på ikkje prioriterte driftstiltak    |                                  |                |                         | 5 800                   | 6 800                   | 0              | 0              | 5 800          | 12 600         |
| <b>Sum utgiftsrammer for tenesteområda:</b>        | <b>398 600</b>                   | <b>14 500</b>  | <b>8 300</b>            | <b>13 000</b>           | <b>15 300</b>           | <b>413 100</b> | <b>421 400</b> | <b>434 400</b> | <b>449 700</b> |
| <b>Resultat / avsetning til disposisjonsfond:</b>  | <b>4 800</b>                     | <b>-600</b>    | <b>4 500</b>            | <b>300</b>              | <b>300</b>              | <b>4 200</b>   | <b>8 700</b>   | <b>9 000</b>   | <b>9 300</b>   |
| Resultat i % av netto finans                       | 1,19 %                           |                |                         |                         |                         | 1,01 %         | 2,02 %         | 2,03 %         | 2,03 %         |

Netto finans i prognose (revidert budsjett 2015 til handsaming i kommunestyret 9. sept. 2015) er kr 403,4 mill. Sum utgifter er kr 398,6 mill, som inkluderer budsjettert lønstillegg på kr 1,1 mill som ikkje er fordelt på tenesteområda. Dette gjev eit resultat for 2015 på kr 4,8 mill eller 1,19% av netto finansinntekter. Så legg økonomiplanen opp til utgiftsauke på kr 14,5 mill i 2016, ytterlegare kr 8,3 mill i 2017, kr 13 mill i 2018 og kr 15,3 mill i 2019. I 2016 skal vi spare inn med effektiviseringstiltak kr 1,3 mill og ytterlegare kr 0,2 mill i 2017. I 2018 har kr 5,8 mill og i 2019 ytterlegare kr 6,8 til disposisjon til fordeling på tenesteområda til nye tiltak. Elles ser vi at 2016 vert eit trangt år i hovudsak grunna stor auke i utgifter til barnehagane.

Spesifikasjon av nye tiltak vedteken økonomiplan for skulesektoren er:

Økonomiplan 2016 - 2019: Nye tiltak i skulesektoren - auke i forhold til ramme i 2015

| nr. | Prioriterte tiltak:                                       | 2016         | 2017         | 2018          | 2019          |  |
|-----|---|--------------|--------------|---------------|---------------|--|
| 1   | Sagstad skule   | 2 000        | 3 000        | 4 000         | 6 000         | Auke med to klassar kvart år   |
| 2   | Grasdal skule   | 1 000        | 2 000        | 3 000         | 4 000         | Ein ny klasse frå hausten 2015 og ein ny kvart skuleår vidare framover.  |
| 3   | Meland ungd.skule   |              |              | 600           | 2 000         | Ein ny klasse frå hausten 2018 og ein hausten 2019. Usikkert om det og kan verte tre 8. klassar hausten 2016 eller 2017, men ikkje lagt inn. Avgjerande er tal på elevar som byrjar i private skular, og evt. netto innflytting. |
| 4   | Rosland skule   | 600          | 600          | 600           | 600           | Auka spes. ped behov.  |
| 5   | Vestbygd skule  | 1 700        | 2 300        | 2 300         | 2 300         | Ein ny klasse frå hausten 2015, heilårseffekt frå 2016. Auka spes.ped behov frå 2016. Evt. refusjon knytt til dette ikkje lagt inn.  |
| 6   | Auke i tenestestandard ut frå ny ressursfordelingsmodell. |              | 625          | 2 400         | 2 400         | Rådmann prioriterer denne satsinga i skulen, men først frå hausten 2017  |
| 7   | PPT-kontoret - auke stillingsressurs                      |              | 800          | 800           | 800           | Rådmann prioriterer ressursauken frå 2017  |
|     | <b>Sum prioriterte tiltak skule</b>                       | <b>5 300</b> | <b>9 325</b> | <b>13 700</b> | <b>18 100</b> |  |
|     | <b>Sum auke pr år:</b>                                    | <b>5 300</b> | <b>4 025</b> | <b>4 375</b>  | <b>4 400</b>  |  |

I tillegg kjem:

|                                |       |       |       |       |   |
|--------------------------------|-------|-------|-------|-------|---|
| Renter og avdrag nye skulebygg | 1 500 | 2 100 | 3 400 | 3 400 | Sjå eigen liste over kva investeringar dette gjeld. |
|--------------------------------|-------|-------|-------|-------|---|

## Alle prioriterte nye tiltak i økonomiplanen er:

Beløp er endring i forhold til prognose 2015

Tal i heile 1000 kr

| nr | Navn  | 2016          | 2017          | 2018          | 2019          | Kommentarar  |
|----|---|---------------|---------------|---------------|---------------|--|
| 1  | Auka tilskot private barnehagar                                   | 8 300         | 11 400        | 11 500        | 15 100        | Basert på anslag over utvikling i barnetal, og dagens modell for berekning av tilskot.   |
| 2  | Nye klassar på skulane - auka ressursbehov                        | 5 300         | 7 900         | 10 500        | 14 900        | Samla kostnad nye klassar på Vestbygd, Sagstad, Grasdal og Meland Ungd.skule, samt noko styrking av spes.ped ressursar på skulane.   |
| 3  | Auke i tenestestandard skulane ut frå ny ressursfordelingsmodell. |               | 625           | 2 400         | 2 400         | Skulane har definert felles nøkkeltal som eit grunnlag for å drive lovleg og forsvarleg opplæring. Tala er samla for alle skulane og fordeling mellom skulane må vurderast kvart budsjettår. Etter eventuell omfordeling mellom skulane har vi skuleåret 2015/2016 4 lærarstillingar for lite. Tala her angir auke med to stillingar i 2017 og nye to i 2018. Ikkje midlar i 2016 til iverksetting av modellen ut over intern omfordeling av eksisterande ressursar. |
| 4  | PPT-kontoret - auka stillingsressurs                              |               | 800           | 800           | 800           | Har for lite bemanning i forhold til behov i barnehagen og i skulen. Har ikkje tid til å drive rettleiing og rådgjeving. Vurderer i samheng med psykologstilling innan PLOMS. Framlegg frå Tenesteområdet med oppstart i 2016, men ikkje mogeleg å prioritere før i 2017.  |
| 5  | Barn og unge  |               | 375           | 1 200         | 1 300         | Styrking av helsetjenester for barn og unge; herunder helsesøstertjenester, skolelege og kommunepsykolog   |
| 6  | Psykisk helse og rusvern  |               | 300           | 600           | 900           | Opptrapping av årsverk til booppfølging, statlig satsing, har forutsatt 70% statlig finansiering og 30% kommunal.  |
| 7  | Kvardagsrehabilitering - Førebyggjande satsing                    |               |               | 1 200         | 1 200         | Meland har frå vår 2015 tatt del i nasjonal satsing innan kvardagsrehabilitering. Vil gje gevinstar i form av meir sjølvstende hjå pasiantane, betra helse og reduserte vedtakstimar på sikt. Krev auke ressursar, som sjukepleiestilling, helsefagarbeidar, ergoterapi og fysioterapi.  |
| 8  | Natt-tenesta - auka kapasitet med 1,8 årsverk                     | 600           | 1 200         | 1 200         | 1 200         | Samhandlingsreform og utskrivningstakt frå sjukehus med komplisert og samansett sjukdomsbilde hjå pasientar set auka krav til sjukepleiarkompetanse innan natt-tenesta. Krav til medisinsk-teknisk kompetanse er aukande i døgn kontinuerleg tenesteyting. Natt-tenesta handterer som kjent både institusjon og heimebuande pasientar.   |
| 9  | Auka stillingsressurs økonomikontoret                             | 500           | 500           | 500           | 500           | Økonomikontoret manglar ressursar til utføring av viktige arbeidsoppgåver, til økonomisk internkontroll, og til naudsynt service ovanfor andre tenesteområde, der økonomikompetanse generelt er låg. Viktig å prioritere styrking her.   |
| 10 | Politiske møter på dagtid   | 200           | 200           | 200           | 200           | Tapt arbeidsforteneste, møtemat m.m  |
| 11 | Konsulenttenester kommunestruktur/frikjøp                         | 500           | 500           | 500           | 500           | Det vil bli behov for kjøp av prosessstøtte og frikjøp av tilsette/tillitsvalde og folkevalde.   |
| 12 | Drift av kommunale bygg og anlegg                                 | 400           | 500           | 900           | 1 000         | Etter kvart som bygningsmassen aukar, aukar dei faste kostnadene til driftsstyring, låssystem, forsikringar, straum, reinhald, renovasjon, kommunale avgifter osv.   |
| 13 | Diverse innsparingar  | -1 300        | -1 500        |               |               | Redusering av utgiftramma til tenesteområda for øvrig med til saman kr 1,3 mill i 2016 og kr 1,5 mill i 2017.  |
| 14 | Andre tiltak 2017-2019  |               |               | 4 300         | 11 100        | Midlar til å prioritere fleire nye tiltak i 2018 og 2019   |
| 15 | Renter og avdrag nye skulebygg                                    | 1 500         | 2 100         | 3 400         | 3 400         | Nye klasserom for å ta i mot vekst i elevtal   |
| 16 | Renter og avdrag til nye investeringar i planperioden             | 500           | 800           | 1 000         | 1 400         | Investeringar i tillegg til skulebygg, ikkje oppdaterte tal  |
|    | <b>Auke i årleg ramme</b>   | <b>16 500</b> | <b>25 700</b> | <b>40 200</b> | <b>55 900</b> |  |

Ei rad tiltak er lista opp i økonomiplanen som vi har stort behov for å gjere noko med, men det vart ikkje gjort framlegg om prioritering mellom desse. Difor ein open post i tabellen over for seinare prioritering.

## 4.2 Reduserte inntekter i perioden 2016 – 2019

Reduserte inntektsprognoser har i utgangspunktet ikkje noko med skuleutbygging å gjere, men det er likevel viktig å ha mest mogeleg oppdatert informasjon når ein skal ta nye avgjerder om skuleutbygging og auka utgifter til renter, avdrag og drift av skulebygg.

Nedenfor er rammene i økonomiplanen oppdatert med redusert rammetilskot:

tal i 1 000 kr

| <b>Økonomiplan 2016 - 2019<br/>korrigerende rammer</b> | Budsjett<br>2015<br>(rev progn.) | Tiltak<br>2016 | Tiltak<br>2017<br>netto | Tiltak<br>2018<br>netto | Tiltak<br>2019<br>netto | Rammer<br>2016 | Rammer<br>2017 | Rammer<br>2018 | Rammer<br>2019 |
|--|----------------------------------|----------------|-------------------------|-------------------------|-------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Netto finans i vedteken øk.plan:                       | 403 400                          | 13 900         | 12 800                  | 13 300                  | 15 600                  | 417 300        | 430 100        | 443 400        | 459 000        |
| Reduksjon rammetilsk./skatt nye forutsetn.             |                                  | -5 300         | -1 800                  | -500                    | -300                    | -5 300         | -7 100         | -7 600         | -7 900         |
| Auke i renter og avdrag - skuleinvestering             |                                  |                |                         | -1 400                  |                         | -              | -              | -1 400         | -1 400         |
| <b>Korrigerende netto finansinntekter</b>              | <b>403 400</b>                   | <b>8 600</b>   | <b>11 000</b>           | <b>11 400</b>           | <b>15 300</b>           | <b>412 000</b> | <b>423 000</b> | <b>434 400</b> | <b>449 700</b> |
| Sum utgiftsrammer i vedteken økonomiplan:              | 398 600                          | 14 500         | 8 300                   | 13 000                  | 15 300                  | 413 100        | 421 400        | 434 400        | 449 700        |
| Innsparing nye driftstiltak i skulen                   |                                  |                |                         | -1 400                  |                         | -              | -              | -1 400         | -1 400         |
| Auke i driftsutgifter kommunale bygg                   |                                  |                | 800                     | 1 200                   |                         | -              | 800            | 2 000          | 2 000          |
| <b>Oppdaterte utgiftsrammer</b>                        | <b>398 600</b>                   | <b>14 500</b>  | <b>9 100</b>            | <b>12 800</b>           | <b>15 300</b>           | <b>413 100</b> | <b>422 200</b> | <b>435 000</b> | <b>450 300</b> |
| <b>Resultat / avsetning til disposisjonsfond:</b>      | <b>4 800</b>                     | <b>-5 900</b>  | <b>1 900</b>            | <b>-1 400</b>           | <b>-</b>                | <b>-1 100</b>  | <b>800</b>     | <b>-600</b>    | <b>-600</b>    |
| Resultat i % av netto finans                           | 1,19 %                           |                |                         |                         |                         | -0,27 %        | 0,19 %         | -0,14 %        | -0,13 %        |
| Netto endring i forhold til vedteken øk.plan:          |                                  | -              | -800                    | -2 600                  | -                       | -              | -800           | -3 400         | -3 400         |

Tabellen viser at utfordringane vert størst i 2016 som følgje av inntektsreduksjonen, og vi kjem ut med eit førebels underskot/meirforbruk i 2016 på kr 1,1 mill. Dette må dekkast inn i samband med utarbeiding av budsjett for 2016 og oppdatering av økonomiplanen. I 2017 har vi eit lite overskot på kr 0,8 mill, og underskot igjen i 2018 og 2019.

### 4.3 Auke i utgifter til drift og vedlikehald av kommunale bygg

I tabellen over er det og lagt inn auke i driftsutgifter på kommunale bygg. Skulebygga er planlagt ferdige til skulestart 2017, og vi reknar med auka årlege driftsutgifter på kr 2,0 mill når dei vert teke i bruk. Vi har i økonomiplanen ikkje teke tilstrekkeleg omsyn til denne utgiftsauken. Det har over fleire år vore investert i nye kommunale eigedommar utan at budsjettet til drift og vedlikehald er auka tilsvarende.

### 4.4 Auke i renter og avdrag

Auke i renter og avdrag som følgje av investeringa vil påløpe med kr 1,4 mill per år frå 2018, sjå pkt. 5.2 nedanfor. Rådmann råd til at dette vert dekkast inn ved reduksjon av midlar til nytt tiltak nr 6 (ressursfordelingsmodell) innan skulesektoren. Tiltaket vert redusert til kr 1,0 mill per år frå 2018, ei innsparing på kr 1,4 mill per år. Tiltaket må elles gjennomførast innanfor rammene til skulane, og ved forventede effektiviseringsauke i skulane som følgje av investering i nye skulebygg.

### 4.5 Oppsummering drift

Tabellen i pkt 4.2 over viser at vi med endringar i inntekter og auka utgiftsnivå som følgje av større investering i skulebygg har brukt opp heile handlingsrommet i langtidsbudsjettperioden. Uavhengig av skuleinvesteringa får vi store utfordringar med å balansere budsjetta framover.



## 5 Utsetting av investeringar vedteken i økonomiplanen

### 5.1 Vedtekne investeringar i økonomiplanen for 2016-2019

Tabellen nedenfor viser investeringar i vedteken økonomiplan for 2016-2019. Totalt er det planlagt investeringar i økonomiplanperioden på kr 178,4 mill kr ekskl. mva.

| Vedtekne investeringar øk.plan 2016-2019            | tal i 1000 kr og ekskl. mva |        |        |                       |         | Går ut |
|---|-----------------------------|--------|--------|-----------------------|---------|--------|
|   | 2015                        | 2016   | 2017   | 2018                  | 2019    |        |
| <b>Ordinære driftmidlar:</b>                        | 1 300                       | 1 500  | 1 300  | 1 300                 | 1 300   |        |
| <b>IKT</b>  |                             |        |        |                       |         |        |
| IKT Nordhordland                                    | 450                         | 450    | 450    | 450                   | 450     |        |
| IKT Meland  | 550                         | 550    | 550    | 550                   | 550     |        |
| Digitale tavler og bærbare PC-ar skulane            | 300                         | 300    | 300    | 300                   | 300     | x      |
| Ny telefoniløysing                                  |                             | 200    |        |                       |         | x      |
|   |                             |        |        |                       |         |        |
| <b>Teknisk sektor</b>                               | 6 740                       | 3 650  | 2 650  | 2 500                 | 2 500   |        |
| Kommunale vegar                                     | 850                         | 700    | 700    | 700                   | 700     |        |
| Trafikksikring                                      | 300                         | 300    | 300    | 300                   | 300     |        |
| Kommunale bygg                                      | 1 000                       | 1 000  | 1 000  | 1 000                 | 1 000   |        |
| Kommunale kaiar                                     |                             | 500    | 500    | 500                   | 500     | x      |
| Kostemaskin   |                             | 500    |        |                       |         | x      |
| Ny traktor  | 700                         |        |        |                       |         |        |
| Kantklyppar til traktor                             | 400                         |        |        |                       |         |        |
| Gangbru Mjåtveitvegen                               | 1 440                       |        |        |                       |         |        |
| Veglys Dalemarka                                    | 700                         |        |        |                       |         |        |
| Veglys Beitingen                                    | 1 100                       |        |        |                       |         |        |
| Ladestasjon el-bilar                                | 250                         |        |        |                       |         |        |
| Lesseapparat til strøsand                           |                             | 400    |        |                       |         |        |
| 2 stk. saltspreiarar                                |                             | 150    | 150    |                       |         |        |
| Gravemaskin (delsum)                                |                             | 100    |        |                       |         |        |
|   |                             |        |        |                       |         |        |
| <b>Kyrkje</b>                                       | 3 800                       | 1 100  | 500    | 500                   | 18 500  |        |
| Kjøp av sentrumsareal                               | 3 500                       |        |        |                       |         |        |
| Brannvarsling                                       | 300                         |        |        |                       |         |        |
| Restaurering av orgel                               |                             | 300    |        |                       |         |        |
| Nytt varmeanlegg og kabelnett                       |                             | 300    |        |                       |         |        |
| Utviding av kyrkjegard                              |                             | 500    | 500    | 500                   | 18 500  |        |
|   |                             |        |        |                       |         |        |
| <b>Skular</b>                                       | 16 400                      | 28 600 | 14 200 | 6 200                 | 200     |        |
| Uteområde skular                                    | 200                         | 300    | 200    | 200                   | 200     | x      |
| Tilbygg Grasdal skule                               | 7 200                       | 10 800 |        |                       |         |        |
| Tilbygg Sagstad skule                               | 9 000                       | 17 000 |        |                       |         |        |
| Vestbygd skule - ombygging                          |                             | 500    |        |                       |         |        |
| Rosland skule - ventilasjon                         |                             |        | 10 000 |                       |         | x      |
| Tilbygg Meland ungdomsskule                         |                             |        | 4 000  | 6 000                 |         | x      |
|   |                             |        |        |                       |         |        |
| <b>Barnehage / Institusjon / Kommunale bustader</b> | 12 300                      | 9 400  | 6 000  | 22 000                | 14 000  |        |
| Ny kommunal barnehage                               |                             |        |        | 10 000                | 14 000  |        |
| Adgangssystem Meland sjukeheim                      | 200                         |        |        |                       |         |        |
| Aggregat Meland sjukeheim                           | 3 000                       |        |        |                       |         |        |
| Balkong omsorgsbustader Meland rådhus               |                             | 300    |        |                       |         |        |
| Utleiebustader for vanskelegstilte                  | 6 000                       | 6 000  | 6 000  | 6 000                 |         |        |
| Omsorgsbustader med heldøgns tilsyn                 | 3 100                       | 3 100  |        | 6 000                 |         |        |
|   |                             |        |        |                       |         |        |
| <b>Andre bygg</b>                                   |                             |        |        |                       |         |        |
| Idrettshall/symjehall                               |                             |        |        | Må kostnadsbereknaast |         |        |
| Helsehus  |                             |        |        | Må kostnadsbereknaast |         |        |
|   |                             |        |        |                       |         |        |
| <b>Sum ordinære driftmidlar:</b>                    | 40 540                      | 44 250 | 24 650 | 32 500                | 36 500  |        |
| <b>Sum investeringar i 2015-2019:</b>               |                             |        |        |                       | 178 440 |        |
|   |                             |        |        |                       |         |        |
| <b>Finansiering:</b>                                |                             |        |        |                       |         |        |
| Bruk av kapitalfond                                 | 2 000                       | 2 000  |        |                       |         |        |
| Lån   | 38 540                      | 42 250 | 24 650 | 32 500                | 36 500  |        |
| <b>Sum finansiering ordinære driftsmidlar:</b>      | 40 540                      | 44 250 | 24 650 | 32 500                | 36 500  |        |
| <b>Sum nye lån i perioden 2015-2019:</b>            |                             |        |        |                       | 174 440 |        |
| <b>Anna finansiering i perioden 2015-2019:</b>      |                             |        |        |                       | 4 000   |        |

Det er ikkje teke med investeringar i vassverk og avlaup i vurderinga, då desse er sjølvkostfinansierte, og renter og avdrag ikkje skal påverke driftsresultatet for kommunen totalt sett.

## 5.2 Korrigert investeringsplan 2019-2019 inkl. auke til skulane

I siste kolonne i tabellen på førre side har vi lista opp dei investeringar vi meiner det er mogeleg å ta ut eller utsette. Nokre av investeringane i 2015 er starta opp, og kan ikkje takast ut. Totalt meiner rådmann det er mogeleg å skyve på eller ta ut investeringar for kr 24,8 mill (eks. mva). Sjå korrigert investeringsplan for økonomiplanperioden nedanfor.

| Framlegg til investeringar øk.plan 2016-2019 - korleksjon med auka kostnad til skuleutbygging |               |               |              |               |                |               |
|---|---------------|---------------|--------------|---------------|----------------|---------------|
| Ordinære driftmidlar:   | 2015          | 2016          | 2017         | 2018          | 2019           | Går ut        |
| <b>IKT</b>  | 1 300         | 1 000         | 1 000        | 1 000         | 1 000          | 1 400         |
| IKT Nordhordland  | 450           | 450           | 450          | 450           | 450            |               |
| IKT Meland  | 550           | 550           | 550          | 550           | 550            |               |
| Digitale tavler og bærbara PC-ar skulane  | 300           |               |              |               |                | 1 200         |
| Ny telefoniløysing  |               |               |              |               |                | 200           |
| <b>Teknisk sektor</b>   | 6 740         | 2 650         | 2 150        | 2 000         | 2 000          | 2 500         |
| Kommunale vegar   | 850           | 700           | 700          | 700           | 700            |               |
| Trafikksikring  | 300           | 300           | 300          | 300           | 300            |               |
| Kommunale bygg  | 1 000         | 1 000         | 1 000        | 1 000         | 1 000          |               |
| Kommunale kaiar   |               |               |              |               |                | 2 000         |
| Kostemaskin   |               |               |              |               |                | 500           |
| Ny traktor  | 700           |               |              |               |                |               |
| Kantklyppar til traktor   | 400           |               |              |               |                |               |
| Gangbru Mjåtveitvegen   | 1 440         |               |              |               |                |               |
| Veglys Dalemarka  | 700           |               |              |               |                |               |
| Veglys Beitingen  | 1 100         |               |              |               |                |               |
| Ladestasjon el-bilar  | 250           |               |              |               |                |               |
| Lesseapparat til strøsand   |               | 400           |              |               |                |               |
| 2 stk. saltspreiarar  |               | 150           | 150          |               |                |               |
| Gravemaskin (delsum)  |               | 100           |              |               |                |               |
| <b>Kyrkje</b>   | 3 800         | 1 100         | 500          | 500           | 18 500         | -             |
| Kjøp av sentrumsareal   | 3 500         |               |              |               |                |               |
| Brannvarsling   | 300           |               |              |               |                |               |
| Restaurering av orgel   |               | 300           |              |               |                |               |
| Nytt varmeanlegg og kabelnett   |               | 300           |              |               |                |               |
| Utviding av kyrkjegard  |               | 500           | 500          | 500           | 18 500         |               |
| <b>Skular</b>   | 16 400        | 81 300        | -            | -             | -              | 20 900        |
| Uteområde skular  | 200           |               |              |               |                | 900           |
| Tilbygg Grasdahl skule  | 7 200         | 30 300        |              |               |                |               |
| Tilbygg Sagstad skule   | 9 000         | 50 500        |              |               |                |               |
| Vestbygd skule - ombygging  |               | 500           |              |               |                |               |
| Rossland skule - ventilasjon  |               |               |              |               |                | 10 000        |
| Tilbygg Meland ungdomsskule   |               |               |              |               |                | 10 000        |
| <b>Barnehage / Institusjon / Kommunale bustader</b>   | 12 300        | 9 400         | 6 000        | 22 000        | 14 000         | -             |
| Ny kommunal barnehage   |               |               |              | 10 000        | 14 000         |               |
| Adgangssystem Meland sjukeheim  | 200           |               |              |               |                |               |
| Aggregat Meland sjukeheim   | 3 000         |               |              |               |                |               |
| Balkong omsorgsbustader Meland rådhus   |               | 300           |              |               |                |               |
| Utleiebustader for vanskelegstilte  | 6 000         | 6 000         | 6 000        | 6 000         |                |               |
| Omsorgsbustader med heldøgns tilsyn   | 3 100         | 3 100         |              | 6 000         |                |               |
| <b>Sum ordinære driftmidlar:</b>  | <b>40 540</b> | <b>95 450</b> | <b>9 650</b> | <b>25 500</b> | <b>35 500</b>  | <b>24 800</b> |
| <b>Sum investeringar i 2015-2019 - nytt framlegg:</b>   |               |               |              |               | <b>206 640</b> |               |
| Investeringar i vedteken økonomiplan 2016-2019:   |               |               |              |               | 178 440        |               |
| <b>Auke i investeringsbeløp og lånebeløp:</b>   |               |               |              |               | <b>28 200</b>  |               |

Totalt er ei utbygging av både Sagstad og Grasdahl skular rekna til kr 97 mill ekskl. mva, som er kr 53 mill meir enn i den vedtekte økonomiplanen for 2016 – 2019. Netto investeringsauke i økonomiplanperioden vert såleis kr 28,2 mill dersom ein tek omsyn til dei investeringane som vert teke ut. Dette utgjør eit årleg ekstra avdragsbeløp på kr 0,7 mill og forventa auke i rentekostnadar dei første åra av nedbetalingstida på kr 0,7 mill, tilsaman kr 1,4 mill i auka lånekostnadar per år frå 2018.

### **5.3 Kommentar til investeringsprosjekt som er foreslått å gå ut**

Vi tek ut eigne midlar avsett til IT-utstyr i skulane og midlar til ny telefonløyning, men vi treng den faste posten til årlege IKT-oppraderingar. Eventuelle midlar til skulane må takast av dei resterande IKT-midlane.

Når det gjeld teknisk sektor kan vi ikkje ta ut midlar til trafikksikring og til kommunale vegar og bygg. Midlar til kaier og ei investering i maskiner utgår. Elles er prosjekt i 2015 iverksett.

Rådmann meiner at kyrkjeinvesteringane ikkje kan utgå. Utvidinga av kyrkjegarden og er ennå ikkje ferdig prosjektert, men summen bør stå til dett er gjort, og prosjektet sitt omfang og mogleg tidsplan endeleg fastsett.

Av større investeringsprosjekt som ein meiner ein kan skyve på er dei største innan skulesektoren. Rossland skule er godkjent for drift slik den er i dag, og vert forskyve ut i tid. Det same gjeld investering i nye klasserom på Meland Ungdomsskule. Prognosane på elevtalsauke er svært usikre når det gjeld når det oppstår behov for auke i klassetal på ungdomsskulen, og vil antar at med redusert folketalsauke kan denne investeringa utsettast nokre år.

Rådmann vil ikkje skyve på investering i ny kommunal barnehage. Forskyving av denne investeringa vil krevje auke i talet på born i private barnehagar, og ikkje representere ei økonomisk innsparing for kommunen. Det er noko usikkert korleis forventa nytt regelverk for berekning av tilskot til dei private barnehagane vil slå ut. Dette er venta i byrjinga på 2016, og vil avklare kva som er rett strategi i forhold til satsing på private eller kommunale barnehagar vidare framover. Inntil vidare er rådmann si tilråding fortsatt å satse på utbygging av ein ny stor kommunal barnehage for å dekke framtidig behov for nye barnehageplassar.

Investeringane i bustader vert finansiert med husleigeinntekter i ei eller anna form (noko via flyktingetilskotet), og kommunen skal difor ikkje ha netto kostnader med desse investeringane. Investering i omsorgsbustader er knytt spesifikke bustadbehov for tenestemottakarar, og kan ikkje takast ut.

## **6 Annan kapital til finansiering av investeringar i skulen**

Meland kommune har i rekneskaper per 31.12.2014 kr 8,1 mill i frie kapitalfond og ubrukte lånemidlar på kr 5,8 mill. Av dette er kapitalfond på kr 4,0 mill allereie allokert i økonomiplanen, og det er behov for noko meir til kapitalinnskott i KLP og til andre mindre investeringar som ikkje kan lånefinansierast. Vi kan bruke restsummen på ubrukte lånemidlar, men då vil vi ikkje ha noko att i tilfelle meirforbruk på investeringar som vi ikkje klarar å dekke inn på anna vis. Rådmann vil ikkje rå til bruk av frie kapitalfond, men vi kan allokere rest av dei ubrukte lånemidlar til skuleutbygginga.


Det er og mogleg å bruke av driftsoverskotet til investeringar, men rådmann vil først bygge opp eit tilstrekkeleg disposisjonsfond før ein vil vurdere dette. Målsettinga bør vere at disposisjonsfondet skal vere minimum 5% av netto driftsinntekter, som vil utgjere om lag kr 25 mill. Per 31.12.2014 var fondet på kr 14,8 mill, og føresetnaden i økonomiplanen er at vi vil nå målet på kr 25 mill i løpet av 2017.

Andre finansieringskilder kan og vere avvikling og likvidasjonsutbytte frå Meland Utbyggingsselskap. Avhengig av verdivurderinga av eigendelane som fortsatt ligg i dette selskapet kan vi rekne med eit slikt likvidasjonsutbytte på mellom kr 4,0 og kr 6,0 mill. Dette saman med ubrukte lånemidlar kan redusere behov for låneopptak med mellom kr 10 og kr 12 mill. Det er ikkje teke omsyn til dette i punkt 5 over.

## 7 Om totalt gjeldsnivå i kommunen

Total gjeld for Meland kommune var per 30.06.2015 kr 409,67 mill eller kr 52 904 per innbyggjar.

Fråtrukke låneopptak knytta til vidareformidling og sett opp mot kommunen sine driftsinntekter (488 mill i 2014) har Meland eit totalt gjeldsnivå på 72,42%, noko som i følge «Riksrevisjonens undersøking av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning» frå feb. 2015 er rett under det som er definert som eit høgt gjeldsnivå (75%). Følgjande figur og tabellen øvst på neste side viser fordeling av gjelda på ulike formål:



|   |                |                 |
|---|----------------|-----------------|
| Gjeld knytta til VAR                        | 112 189        | 27,38 %         |
| Gjeld knytta til drift                      | 156 635        | 38,23 %         |
| Gjeld knytta til drift med statlig refusjon | 54 007         | 13,18 %         |
| Gjeld knytta til boligkjøp                  | 30 639         | 7,48 %          |
| Gjeld knytta til vidareformidling           | 56 217         | 13,72 %         |
| <b>Total gjeld per 30.06.2015</b>           | <b>409 687</b> | <b>100,00 %</b> |

Totalt sett er gjeldsnivået rett nok høgt, men dersom ein trekkjer frå gjeld som i stor grad er sjølvfinansierande (VAR, vidareformidling og bustadkjøp), samt gjeld med statlege rente- og avdragskompensasjonar, utgjer den renteeksponerte gjelda kr 156 635' (38,23%) av den totale gjeldsbyrda. Dette gjev eit totalt renteeksponert gjeldsnivå på 32,09% av driftsinntektene i 2014, noko som i følge Riksrevisjonens rapport er lågare enn gjennomsnittet for andre kommunar med høgt gjeldsnivå (59%), men fortsatt høgare enn gjennomsnittet for dei resterande kommunane (21%). Den resterande gjelda vil i liten grad vera renteeksponert då ein eventuell renteauke vil motverkast av ein auke i gebyr, husleige og renter på vidareformidla lån.

Foreløpig prognose for nedbetaling av gjeld i 2015 og 2016 ser ut som følger:

| Renter og avdrag 2015 |            |                   | Renter og avdrag 2016 |            |                   |
|-----------------------|------------|-------------------|-----------------------|------------|-------------------|
| Renter                | Avdrag     | Terminbeløp       | Renter                | Avdrag     | Terminbeløp       |
| 8 921 495             | 13 323 662 | <b>22 245 157</b> | 8 636 606             | 13 944 038 | <b>22 580 644</b> |

For 2016 er fordelinga av renter og avdrag på lånetype slik:


|                                  | Drift | VAR   | Formidling | Bolig | Sum   |
|----------------------------------|-------|-------|------------|-------|-------|
| Gjeld pr 30.06.2015 (mill kr)    | 210,6 | 112,2 | 56,2       | 30,6  | 409,7 |
| Andel                            | 51 %  | 27 %  | 14 %       | 7 %   |       |
| Renter og gebyrer 2016 (mill kr) | 4,26  | 2,44  | 1,24       | 0,70  | 8,64  |

Tala for 2015 er noko lågare enn budsjettert. Ny lån vil verte teke opp seint i året, slik at det blir låge rente- og avdragsbeløp på desse nye låna. Avdragsbeløpet er lågare enn krava i lov og forskrifter til minimumsavdrag, og vi må difor planlegge med ekstra avdragsbetaling hausten 2015.

Det er og verdt å nemna at belåningsgraden på gjelda knytta til boligkjøp er relativt låg då den bokførte verdien av kommunale bustader i 2014 var kr 77,3 mill, noko som gjev ein belåningsgrad på 39,7%.

Ein mykje brukt indikator for å vurdere om kommunen har høg lånegjeld er gjeld per innbyggjar, som i Meland kommune ligg på kr 47.100,-. Dette er lågt i forhold til samanliknbare kommunar og lågare enn landsgjennomsnittet, gjennomsnittet i Hordaland og i Kostragruppe 8.

Med netto lånegjeld meinast total lånegjeld minus formidlingslån og ubrukte lånemidlar.



## 8 Om driftsnivået generelt i kommunen


Meland kommune har generelt låge kostnader på dei fleste tenesteområde, og det er difor vanskeleg å sjå kor det er mogeleg å kutte i drifta utan at tenestekvalitet vert redusert. Nedanfor vert viktige nøkkeltal frå Kostra-databasen for driftsnivået i kommunen i 2014 samanlikna med andre.

## 8.1 Inntektsnivå

Meland kommune har som følge av ein relativt ung befolkning eit relativt lågt inntektsnivå. Frie inntekter er skatt og rammetilskot og for Meland er kr 47.100,- per innbyggjar.

Dette er 1,3% lågare enn gj.snitt for Hordaland og 3,0 % under landsgjennomsnittet (utanom Oslo). Det er 0,8% høgare enn gj.snitt i Kostragruppe8.


Inntektsnivået vil vere avhengig av utgiftsbehovet som der definert i den såkalla utgiftsindeksen. Vi ligg og lågt samanlikna med andre kommunar i regionen og andre kommunar i Bergensområdet. Eit relativt lågt inntektsnivå gjer at kommunen må tilpasse drifta med låge kostnader og elles vurdere mulighet for andre inntekter, som eigedomsskatt.



## 8.2 Kostnader til administrasjon

Netto driftsutgifter til administrasjon og styring per innbyggjar varierer ganske mykje mellom kommunane. Organisering av kommunen kan påverke korleis utgiftene vert fordelt på dei ulike tenesteområda. Også ulik praksis med omsyn til korleis ein fordeler fellesutgiftene i rekneskapen kan forklare avvik.

Meland kommune ligg ca 18 % lågare enn både gjennomsnittet for Hordaland og Kostragruppe 8 som vi er med i med sine kr 3.090,- i administrasjonskostnader per innbyggjar. Vi er 6% dyrare enn Askøy.




Vi har tidlegare vert lite nøye med fordeling av administrasjonskostnader ut på dei operative tenesteområda slik det vert tilrådd i vegleiinga til Kostra-rapportering og tilhøyrande bokføring i kommunane. Med bokføring meir i trå med dette viser vi lågare og meir realistiske administrasjonskostnader enn det vi har gjort tidlegare år.

### 8.3 Skule

Netto driftsutgifter per born i aldersgruppa 6 – 15 år er eit mykje brukt målekriterium for vurdering av kostnader i skulen. Også i dette oppsettet er Meland 3dje billigaste kommune etter Askøy og Os med kr 94.097 i den aktuelle aldersgruppa.


Meland kommune ligg ca 7 % lågare enn gjennomsnittet for Hordaland og 4% lågare enn Kostragruppe 8. Vi er 6% dyrare enn Askøy.



### 8.4 Barnehage

Netto driftsutgifter til barnehagane totalt i forhold barn i aldersgruppa 1 – 6 år er vanlig samanlikningskriterium for kostnadsnivå på barnehagesektoren.


Med kr 126,100,- i kostnad per born i aldersgruppa 1-5 år i kommunen ligg vi 2% under landsgjennomsnittet og 3% under gjennomsnittet i Hordaland. Vi ligg 2,7% høgare enn Kostragruppe 8. Vi ligg midt på treet i forhold til samanlikningskommunane.




Tala er justert for ekstraordinært tilskot utbetalt i 2014 som eigentleg gjeld 2013. I 2013 var kostnaden per barn (1 – 5 år) i Meland kommune kr 104.000,-. Auken frå 2013 til 2014 er difor på 21%. 2015-tala vil verte betre enn tala for 2014, då dei er basert på grunnlagstal for 2013, og så opp at i 2016.

## 8.5 Pleie og omsorg / helse

Utgiftsnivå til pleie og omsorg (sjukeheimen og heimetenesene) kan målast på fleire måtar. Enklast er netto drift i forhold til innbyggjarar i kommunen. I denne oversikta vil vi kome godt ut som følge av ein relativt ung befolkning. Med kostnadar på kr 12.698,- per innb. ligg vi litt under Askøy, men noko over Os. Vi ligg omkring 20 % under landsgj.snittet og gj.snitt for Hordaland og vel 10% lågare enn Kostragruppe 8.




Ser vi utgiftene til pleie og omsorg i forhold til innbyggjarar over 67 år får vi eit noko anna bilete. Vi ligg på nivå med gj. snitt i Hordaland, men høgare enn Kostragruppe 8 og landsgjennomsnittet.



Vi ser og av anna statistikkmateriale (som Kommunal Rapport sitt kommunebarometer) at vi har gode resultat innan pleie og omsorg. Dette skuldast og at vi innan denne sektoren har relativt sett bra med ressursar.

Når det gjeld utgifter til kommunehelsetenesta auka desse ein del frå 2013 til 2014. Noko skuldast endra rapporteringsrutinar.

Samanlikna syner at vi ligg 15-16 % over gjennomsnittet i Hordaland og i Kostragruppe 8, og 8 % under landsgjennomsnittet. Elles ser vi at vi ligg omtrent på nivå med nabokommunane, men noko over dei samanlikningskommunane som driv billegast.





## 8.6 Oppsummering enkel Kostra-analyse

Vi har med den enkle Kostra-analysen over prøvd å vise at i Meland kommune har relativt låge inntekter og at vi på dei fleste tenesteområda ligg relativt lågt på kostnadssida og, sjølv om det t.d. innan pleie og omsorg og helse ikkje er eit kritisk lågt driftsnivå.

Vi vil i presentasjon og budsjett- og økonomiplaner framover i større grad vektlegge Kostra-analyser for å seie noko om tenestenivå innan kvar sektor, men i denne omgong peike på at det er vanskeleg å sjå kor vi enkelt kan finne inndekking for reduserte inntekter og auka utgifter.